



Arkivsaknr: 2025/8473-3
Sakshandsamar: Siril Therese Sylta
Avdeling: Arealforvaltning

SAKSFRAMLEGG

Uttale til høyring av endring i plan- og bygningslova om forbod mot nedbygging av myr

Utvalssak Utval

Møtedato

Utval for areal, plan og miljø

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune meiner at dette lovforslaget vil får konsekvensar for Alver kommune, men og for regionen Nordhordland med Austrheim kommune og næringslivet i Mongstad området, om konsekvensar av dette lovforslaget vert at eit forbod mot nedbygging av myr i industri- og næringsområde får verknad for reguleringsplanar vedtatt før forbodet trer i kraft.

Alver kommune meiner at godkjente regulerte område til industri og næring må vera unnateke for dette lovforslaget.

Alver kommune meiner at eit alternativt lovforslag er at godkjente regulerte industri- og næringsområde, men og uregulerte industri- og næringsområde i kommuneplan/kommunedelplan i Mongstad-området (som er eit nasjonalt viktig område for vår beredskap og petroleumsindustri) vert unnateke i dette lovforslaget. Dette må gjelde både i Austrheim og Alver kommune.

Alver kommune gjev høyringsuttale slik det går fram av vurderingane i saka.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for areal, plan og miljø.

Saka gjeld

Kommunal- og distriktsdepartementet og Klima- og miljødepartementet legg fram eit forslag om endring i plan- og bygningslova om forbod mot nedbygging av myr.

Formålet med forbodet er å verne myr på grunn av myra sin betydninga for naturmiljø og klima. Forbodet skal ha nasjonal utstrekning, men til samanlikning med t.d. vern vil ikkje myrområda vere eksakt ramma inn av ei grense. Kva slags og kor mykje myr som finst innanfor kvar enkelt kommune kan variere mykje, og for å ha fullstendig oversikt over kvar det finnes myrareal må desse områda ha vorte eller bli kartlagt.

Forslaget gjeld forbod mot nedbygging av all myr, uavhengig av kvalitet, storleik og djupne.

Forbodet er foreslått plassert i plan- og bygningslova § 1-8 a), etter same modell som byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjøen.

Fristen for uttale er 01.11.2025.

Lenke til aktuelle dokument og høyringssvar


[Forslag om endring av plan- og bygningsloven - forbud mot nedbygging av myr - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/forslag-om-endring-av-plan-og-bygningsloven-forbud-mot-nedbygging-av-myr)

Saksopplysningar

Myr er eit av dei mest verdifulle økosystema. Nedbygging av myr fører til klimagassutslepp, tap av naturmangfald og reduksjon i andre økosystemtenester. Bevaring eller redusert nedbygging av myr verkar isolert sett derfor positivt inn på mange ulike nasjonale klima- og miljømål, der Noreg også har internasjonale forpliktingar.

Kva er ei myr

Areal med myrvegetasjon og torvdanning



Korleis blir myr danna

Vassmetta mark gjer at plantamateriale ikkje rotnar



Typar myr

- Grupne myrer (<30 cm torvlag)
- Djupe myrer (>30 cm torvlag)
- Rikmyr
- Høgmyr

KVIFOR ER MYR VIKTIG?

-  **KLIMA**
 - Lagrar enorme mengder karbon (ca. 950 mill. tonn i Noreg).
 - Slepp ut CO₂ ved nedbygging og drenering
 - Viktig for å nå klimamåla og Parisavtalen
-  **NATURMANGFALD**
 - Levestad for mange sjeldne og truga arter
 - 60 % av våtmarksnaturtypar er radlista
 - Rik på spesielle plantar som torvmosar, myrull og orkidear
-  **VASSBALANSE OG KLIMATILPASSING**
 - Held på vatn og dempar flaum
 - Kan fungere som naturleg brannbarriere
 - Bidreg til å jamne ut vassføring i vassdrag
-  **KULTUR OG SAMFUNN**
 - Har vore brukt til torvuttak, beite og jor-
 - Viktig for landskapet, friluftsliv og kulturalar

→ KORT SAGT: MYR ER EIN NØKKELESSURS FOR KLIMA, NATUR OG MENNESKE – DIFOR MÅ VI TA VARE PÅ HAN.

I lovforslaget er myr definert som areal med myrvegetasjon og torvdanning.

Kva blir omfatta av forbodet

Forbodet omfattar all nedbygging av myr som endrar vassbalansen som redusera eller forringar myra sin økologiske funksjon eller funksjon som karbonlager.

Forbodet vil gjelde både mellombelse og permanente tiltak.

Døme på tiltak som er omfatta av forbodet vil vera bygging av vegar, bygningar, masseutskifting, lagring av massar, drenering og grøfting.

Forbodet er foreslått å få verknad for reguleringsplanar som er vedtatt før forbodet trer i kraft, slik at det ikkje kan bli bygd ut i tråd med eksisterande reguleringsplanar.

Kva blir ikkje omfatta av forbodet

Tiltak i myr som ikkje endrar vassbalansen i jorda, eller reduserer eller ringast den økologiske funksjonen eller funksjonen til myra som karbonlager, vil derimot ikkje vere omfatta av forbodet. Dette vil i all hovudsak vere tiltak av lite omfang, t.d. der ein liten del av myra blir ramma, eller der tiltaket er av svært kortvarig art og ikkje påfører nokon skade. Døme på slike tiltak kan vere ein enkeltståande kraftstolpe eller eit mastefeste til overføringsnett, svært kortvarig lagring av masse på duk, mellombelse vintervegar for uttak av tømmer, og enkel klopplegging av stiar for å hindre auka slitasje.

Forbodet skal ikkje gjelde for uttak av myr som er omfatta av naturmangfoldlova § 56a andre ledd eller nydyrking som er regulert i jordlova.

Forbodet skal heller ikkje omfatta tiltak med konsesjon etter energilova § 3-1, vassressurslova eller vassdragsreguleringslova eller som blir gjennomført etter godkjent plan i medhald av vilkår som er satt for den type konsesjonar.

Lovforslag

I lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling gjøres følgende endringer:

Nytt § 1-5 tredje ledd skal lyde:

Forbudet mot nedbygging av myr i § 1-8 a første ledd går foran reguleringsplaner vedtatt før [ikrafttrede]lsen av 1-8 a].

Ny § 1-8 a skal lyde:

§ 1-8 a Forbud mot nedbygging av myr

Nedbygging av myr er forbudt. Myr er arealer med myrvegetasjon og torvdannelse.

Som nedbygging regnes alle midlertidige eller permanente tiltak på myra som endrer vannbalansen i jorda eller reduserer eller forringer myras økologiske funksjon eller funksjon som karbonlager.

Forbudet mot nedbygging av myr gjelder ikke for uttak av myr som omfattes av naturmangfoldloven § 56a andre ledd eller nydyrking som regulert i jordlova.

Forbudet gjelder ikke for tiltak med konsesjon etter energiloven § 3-1, vannressursloven eller vassdragsreguleringsloven eller som gjennomføres etter godkjent plan i medhold av vilkår satt for slike konsesjoner.

Forbudet mot nedbygging av myr gjelder ikke der det er vedtatt en rettslig bindende reguleringsplan. Slik plan kan bare vedtas dersom en klar overvekt av interesser taler for det.

§ 11-8 tredje ledd bokstav c første ledd skal lyde:

Sone med særlig hensyn til landbruk, reindrift, mineralressurser, friluftsliv, grønnstruktur, landskap, myr, eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse.

§ 19-4 andre ledd skal lyde:

Dersom det er nødvendig for å ivareta nasjonale eller viktige regionale interesser og hensyn i nærmere angitte deler av strandsonen, myrområder eller fjellområder, kan Kongen i forskrift legge myndigheten til å gi dispensasjon fra §§ 1-8 andre ledd, 1-8 a første ledd, bestemte planer, eller for bestemte typer tiltak, midlertidig til regionalt eller statlig organ.

Rettsverknad av forbudet

Forbudet vil få verknad frå tidspunktet det blir sett i kraft.

Det betyr at det ikkje kan gjevast løyva til tiltak som er omfatta av forbudet utan at det ligg føre godkjent dispensasjon eller ein godkjent reguleringsplan vedtatt etter forbudet har tredd i kraft.

Forbudet vil få verknad for reguleringsplanar som er vedtatt før forbudet trer i kraft.

Forbudet vil ikkje få verknad for byggeløyver som er gitt før forbudet trer i kraft.

Forbudet vil få verknad for Statsforvaltar sin klageadgang på kommunen si vurdering av om vilkåret om klar interesseovervekt. Det betyr ein ny og strengare statleg kontroll for reguleringsplanar som opnar for nedbygging av myr, i tillegg til statsforvaltaren sin rett til å gje innsigelse.

Vurderingsgrunnlag

Departementa ber særleg om høyringsinnspel på følgjande spørsmål (vår nummerering):

1. *«Bør terskelen for kommunens planskjønn for reguleringsplaner som gjør unntak fra forbudet mot nedbygging av myr være høyere enn ellers, eller bør det følge samme regelverk som ellers, uten krav om klar interesseovervekt?»*
2. *Bør forbudet gjelde all myr, uansett dybde, eller bør det avgrenses til myr dypere enn 30 cm, etter modell av forbudet mot nydyrking av myr?*
3. *Hvilke konsekvenser vil det ha at et forbud får virkning for reguleringsplaner vedtatt før forbudet trer i kraft?»*

Vurdering

Vurdering til punkt 1:

Det er viktig at ein får eit auka fokus på vern av myr, men det er kommunedirektøren sitt syn at det ikkje bør vere ein høgare terskel for kommunen sitt planskjønn for reguleringsplanar som gjer unntak frå forbudet mot nedbygging av myr. Omsynet til myr bør følgje same regelverk som andre omsyn som jordvern, strandsonevern, omsyn til vassdrag med meir. Det kan få utilsikta verknader der vi legg sterkare vekt på myr enn på andre naturtypar som kan vere minst like viktig både lokalt og regionalt.

Vurdering til punkt 2:

Omsynet til å bevare myr og unngå nedbygging av myr er viktig og må ha eit særskilt fokus sett i lys av miljø, natur og klima.

Slik vi forstår høyringsnotatet så vil det vere ulik definisjon av myr etter forskjellige lovverk. Alver kommune ser at det vil vere ein fordel om definisjonen av myr er mest mogeleg einsarta mellom lovverk. Målet mange stader er å gjere lovverk enklare og meir oversikteleg for alle. Meir like og einsarta definisjonar vil og vere eit leidd i dette.

Uavhengig av definisjon av myr så kan det bli behov for kartlegging og verdsetting av myr.

Vurdering til punkt 3:

Eit forslag om at forbod mot nedbygging av myr skal få tilbakeverkande kraft er i strid med Grunnlova § 97 som seier at ingen lov skal ha tilbakeverkande kraft.

Vidare er det eit nasjonalt mål om å få til meir effektive byggesaksprosessar. Kommunedirektøren meiner at det å la eit forbod mot nedbygging av myr få tilbakeverkande kraft for alle reguleringsplanar vil vere eit direkte hinder i å nå dette målet. Det legg opp til eit auke i tal dispensasjonar og planendringar som vil føre til større ressursbruk i administrasjonen og lengre prosessar for å kunne gå i gang med byggeprosjekt.

Kommunedirektøren viser til dei vurderingane som Austrheim kommune har lagt fram i sin høyringsuttale, og særskilt med omsyn til regulerte område til næring og industri på Mongstad. Austrheim kommune sin uttale er lagt ved saka. Dette vil og gjelde areal som ikkje er regulert, men som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut med arealføremål næring.

Alver kommune vil gjere merksam på at vi jobbar med ny arealdel for kommunen, og at den no ligg ute til første gongs høyring og offentleg ettersyn. I arealrekneskapet for kommuneplanen sin arealdel er det 39 244 dekar som omfattar myr, endringar frå gjeldande kommunedelplanar til forslaget som ligg på høyring er – 2128 dekar.



Det er arealføremålet næring som utgjør den største delen i arealtype myr.

Om verknad for eksisterande regulerte område er døme på reguleringsplanar vist under.

Forklaring til figurane i karta:


Blå skravur er myr, arealføremål med svart stipla linje rundt viser område som er regulert i reguleringsplan.

Arealføremål utan svart omriss viser arealføremål i kommuneplan/kommunedelplan.




Område regulert til næring/industri på Hjertås, delar av området er regulert til industri i reguleringsplanen for Hjertås nord vedtatt i 2005 og dette området er utvida til næringsføremål i kommuneplanen.


Område på Mongstad regulert til næring




Omfattar område regulert til industri i reguleringsplanen for Statoil industriområde, reguleringsplan vedtatt i 2014:



Mongstad industriområde, vedtatt i 2010. Regulert areal til industri.



Grøn omstilling av Mongstad, gbnr 127/91 mfl. Vedtatt i 2025. Areala er sett av til næringsbygg for industri og landbasert fiskeoppdrett me tilhøyrande bygg og anlegg, lager og infrastruktur.



Område N3, N4, N5 og N6 i gjeldande kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad som alle er omfatta av myrområde, men som er viktige område for nærings- og industriutviklinga i og rundt Mongstad området. Områda er vidareført i Alver kommune sin nye arealdel som no ligg ute på høyring og offentlig ettersyn.

Den største arbeidsgjeveren i dette næringsområdet er Equinor. Mongstad-området er ein viktig industristad med mange arbeidsplassar, primært innan olje- og gassindustrien, men også innanfor andre næringssektorar. Området har Equinor sitt raffineri og Mongstadbase som er Norges største forsyningsbase, men og mange andre store og små verksemdar. Totalt er det rundt 3000 arbeidsplassar fordelt på over 100 verksemdar i dette området, både i Austrheim og i Alver kommune. På Mongstad har Equinor også ein råoljeterminal med lagerkapasitet på 9,5 millionar fat. Hamneanlegget på Mongstad er Norges største målt i tonnasje og Europas største oljehamn etter Rotterdam i Nederland. Viktige leverandørar på Mongstad er mellom anna WellConnection Mongstad AS, PSW Group AS, Caverion AS, Baker, Haliburton, Deep Sea Mooring, IOS Intermoor, Norsk Gjenvinning og West Piping AS. Dei og andre verksemdar treng meir plass framover i dette viktige næringsområdet, då er det svært viktig at alt regulererte næringsområde kan byggjast ut som planlagt.

Økonomiske konsekvensar

Alver kommune meiner at det vil få økonomiske konsekvensar om ein ikkje kan bygge ut på dei regulerte areala som råkar myrområde på Mongstad og andre stader i kommunen. Det er etablerte verksemdar som har bruk for nye og utviding av eksisterande areal, som sikrar både arbeidsplassar og næringsutvikling i kommunen og regionen Nordhordland.

Forslaget om tilbakeverkande kraft gjer at kommunen kan få fleire søknader om dispensasjon og endring av reguleringsplan, noko som vil føre til auka ressurs- og tidsbruk for kommunen. Vi vil og peike på at dette i samband med høyring av dispensasjonar og medverknad i planprosess vil kunne krevje meir ressursar hos statsforvaltaren.

Forslaget vil og kunne får negative konsekvensar for landbrukseigedommar, som til dømes har bruk for nye driftsbygningar og/eller andre tiltak som er nødvendig for å sikra vidare utvikling og drift av landbrukseigedommar.

Miljømessige konsekvensar

Miljømessige konsekvensar av forslaget er at det ikkje vert bygd ut på karbonrike areal, noko som og vil ha positiv verknad. Det må og vurderast opp mot omsyna til at det vert meir press på å bygga ut på andre areal som LNF- område (landbruk, natur og friluftsområde).

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren meiner at forslaget om endring i plan- og bygningslova med forbod mot nedbygging av myr får uheldige verknader for kommunen slik endringsforslaget er utforma.

Eit eventuelt forbod må ikkje få tilbakeverkande kraft for gjeldande reguleringsplanar sett av til næring og industri, og heller ikkje for areal sett av til næring i kommuneplanen sin arealdel og i kommunedelplanar.

Ein bør sikre ein mest mogleg lik definisjon av myr og kva forbodet skal omfatte sett i lys av andre lovverk og kva informasjon ein har kartlagt og gjeldande kunnskapsgrunnlag.

Omsynet til myr bør følgje same regelverk som andre omsyn som jordvern, strandsonevern, omsyn til vassdrag med meir. Det kan få utilsikta verknader der vi legg sterkare vekt på myr enn på andre naturtypar som kan vere minst like viktig både lokalt og regionalt.

Vedlegg

- 1 Høring av endring i plan- og bygningsloven - forbud mot nedbygging av myr.PDF
- 2 Høring av endring i plan- og bygningsloven - forbud mot nedbygging av myr
- 3 Høringsliste.PDF
- 4 Informasjon om vedtak gjort i formannskapet i Austrheim kommune om endring i plan- og bygningslova (forbod mot nedbygging av myr).pdf

- 5 Uttale til _Høyring av endring i plan- og bygningslova - forbod mot nedbygging av myr_.pdf